

Imponerende debut!!

24.11.2012



To ungdommar som imponerer med stemmeprakt og musikalitet omkransa av flotte bilder, Åshild og Sindre.

-Dessa ungdommane frå Sunde, frå Uskedalen og frå Seim har samarbeidd, og fått dette fantastiske resultatet. Det er jammen håp for Kvinnherad i framtida! sa gallerieigar Gørill Guddal så treffande då ho takka Åshild Røssland(piano og vokal), Sindre Aksnes(slagverk) og Joakim Olsen(elbass) etter imponerende musikkinnslag under kunststillingopning i Galleri G Guddal lørdag. Det var eit godt bilde på at samarbeid med gode naboar gjev resultat!



Den stødige bassisten Joakim OLsen.

Den ferske trioen starta å øve saman i haust, og dei hadde si første opptreden ved opninga av kunststillinga til Gunilla Holm Platou og Gro Mukta Holter i Rosendal. Framføringa av to krevjande songar av Adele og Sussanne Sundfør imponerte publikum stort. Nydeleg var det då Åshild imponerte med si stemmeprakt medan dei to gutane sytte for stødig og musiserande komp. Godt samspelte var dei og. I tillegg klarte dei å tilpassa lydnivået flott til lokalet.

Dette var første opptreden. Det blir nok mange fleire, for denne gruppa har kvalitet og repertoar til å passe godt inn i mange samanhengar. Det vert spennande å følgje dei framover!

Nok ein gang har Gørill henta fram unge, dyktige kvinnherske musikarar til å opptre. Dette er nok bevisst og god jobbing. Her er ho eit førebilete! Det er viktig at dei mange, unge og flinke musikarane og songarane i kommunen får slike muligheter.

Før vi kom til musikkinnslaget, hadde gallerieigar Gørill Guddal ønskt velkommen, og dei to kunstnarane hadde presentert seg og kunsten sin. Sjølv om dei to har ulike tilnærmingar og teknikkar, har begge det til felles at fuglar er sentrale motiv. La det vera slått fast: det er verkeleg flotte bilder dei to kunstnarane viser fram. Det kom og tydeleg til uttrykk frå dei frammøtte. Eit besøk på Galleri G Guddal er absolutt å anbefala i førjulstida. Utstillinga vert ståande fram til julaftan.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland



Kunstnarane mottar gåver frå gallerieigaren.